

2024

Årsmelding

REGION SUNNHORDLAND



Region Sunnhordland er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Selskapet arbeider for kommunane sine rammevilkår og interesser, med eit overordna mål om å utvikle regionen til det beste for fastbuande, tilreisande og framtidige generasjonar.

Under Region Sunnhordland IKS finn ein Kompetanseforum Sunnhordland, bu- og omdømme-prosjektet Bu i Sunnhordland, destinasjonsselskapet Visit Sunnhordland, ryddeaksjonen Rein Hardangerfjord, søsterselskapet Sunnhordlandsrådet IPR og datterselskapet Sunnhordland UNESCO Global Geopark. Region Sunnhordland IKS leverer sekretariattenesta til Sunnhordlandsrådet IPR.

Globale hendingar prega i stor grad året 2024. Krigen i Ukraina og andre internasjonale konfliktar held fram med å skape økonomisk uro, medan auka renter, inflasjon, energiprisar og demografiske endringar set press på kommuneøkonomien og tenesteutviklinga. Det var stor spenning knytt til presidentvalet i USA hausten 2024. Det at president Donald Trump vann valet, har skapt ytterlegare uro for Noreg og Europa sin tryggleik og handel.

Regionalt er samferdsel, kollektivtransport, kraftmangel, grøn omstilling, omdømmebygging, kommunale tenester dei viktigaste stikkorda for kva ein samarbeider om politisk. Det peika seg særskild ut eit aukande behov innan helse- og omsorgstenestene, kor ein opplever ei auke både innan eldre og yngre som treng hjelp. I februar 2024 arrangerte me felles Formannskapskonferanse med eit ekstra fokus på kommuneøkonomi og kommunale tenester. Håvard Mo frå KS Konsulent var tydleg i sin bodskap: kommunane må i

større grad flytte ressursar frå oppvekstsektoren og over til helse- og omsorgssektoren.

Sunnhordlandsrådet hadde i januar 2024 møter i Oslo med Hordalandsbenken, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familidepartementet, Energidepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet , Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet. Nokre av temaña som blei fremja var behovet for betre vegar, eit auka kraftbehov, betre helse- og omsorgstilbod, havbruksmeldinga, ferjeavløysingsmidlar, reiselivet sine interesser og inntektssystemet til kommunane. Gjennom desse samtalane håpar Sunnhordlandsrådet å styrke samarbeidet mellom lokalt og nasjonalt nivå.

Gjennom 2024 har Region Sunnhordland, saman med einingane Sunnhordlandsrådet, Bu i

Sunnhordland, Visit Sunnhordland, Rein Hardangerfjord og UNESCO Geopark Sunnhordland, teke viktige steg mot å realisere våre mål for regionen. Me har vore pådrivarar for betre kommunasjonstilhøve og har aktivt arbeidd for å styrke kultur- og identitetsskapande tiltak.

Me har via faste møteplassar vore til stades på viktige arenaer, sørgd for at relevante aktørar har tilgang til oppdatert informasjon og hjelpt dei til å finne kvarandre. Dette inneber også ein styrking av samarbeidet med naboregionane. Vår proaktive tilnærming har sikra at me er til stades der avgjersler for regionen blir tekne, og at me påverkar på vegne av regionen i forkant av politiske avgjersler.

Vår innsats for ei samordna og effektiv marknadsføring av regionen har bidratt til å styrke Sunnhordland som ein attraktiv bu- og arbeidsregion, og som eit ynskjeleg reisemål for turistar. Dette arbeidet har ikkje berre gagna dei

som allereie kalla Sunnhordland for heim, men har også lagt grunnlaget for å ynskje velkomen nye innbyggjarar og besökande i åra som kjem. Når me ser tilbake på dette året, er det tydeleg at samarbeid og felles innsats har vore nøkkelen til suksessen vår.

Årsmeldinga for 2024 speglar vårt engasjement og innsats for å forme ei berekraftig og livskraftig framtid for Sunnhordland – med vekst, innovasjon og sterke fellesskap i sentrum.


Tora Haslum Myklebust

Dagleg leiar



Innhold

Regional utvikling	04
Bulyst	06
Kompetanse	08
Reisliv	09
Infrastruktur	12
Region Sunnhordland i tal og fakta.....	14
Tankar om framtida	16



Regional utvikling

Region Sunnhordland er ein viktig regional aktør for samfunnsutvikling. Me driv aktiv påverknad for å sikra regionen og den enkilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål. For å oppnå regionale utviklingsmål, så krev det eit tett samarbeid med våre strategiske partnarar. I 2024 hadde me eit særskilt fokus på å etablere faste møteplassar med dei andre regionråda i Vestland fylke, Vestland fylkeskommune og Atheno. Haugland vekst har ein så langt hatt to faste regionrådsmøte med i året.

Haugaland Vekst IKS

Sunnhordland deler i stor grad bu- og arbeidsregion med Haugalandet, med ein svært lik industriprofil. Olje- og gasssektoren, samt maritim sektor er dominerande på Haugalandet og i Sunnhordland. Region Sunnhordland IKS har saman med Haugalandet IKS hadde i 2024 eit felles fokus på korleis tiltrekke oss folk og kompetanse til vår felles storregion. Prosjektet vårt Bu i Sunnhordland har hatt eit tett samarbeid med Haugland Vekst sitt bu- og omdømmeprosjekt. Me hadde og felles arrangement under Arendalsveka 2024 med fokus på utanforskning og inkludering.

Region Sunnhordland IKS har også saman med Haugland Vekst IKS tatt ei aktiv rolla i å sette fokus på saumlause tenester og tettare samarbeid mellom Rogaland og Vestland fylkeskommune.

Regionråda i Vestland Fylkeskommune

Regionråda i Vestland er: Fjordane IPR, Hardangerrådet IKS, Norhordlandsrådet IKS, Sognarådet IPR og Sunnhordlandsrådet IPR. I 2024 møtes regionråda i Vestland fylke til to administrative fellesmøte. Vestland fylkeskommune deltok begge gangane. Bergen alliansen var invitert, men blei hindra i å møte. Tema for møta var felles utfordringar, kva me kan løfte saman og korleis samarbeide. To av regionråda møtte med ny dagleg leiar i novembermøte: Hardanger og Sogn. Fjordane IPR og Sunnhordlandsrådet IPR har også deltatt i Vestland fylkeskommune si prosjektgruppa for Inkluderingsprosjektet. Sunnhordlandsrådet har eit noko tettare politisk samarbeid med Hardangerrådet.





Hardangerrådet IKS

Til liks med Haugalandet, så deler Sunnhordland bu- og arbeidsregion med Hardanger, derav har me eit ekstra tett samarbeid med Hardangerrådet IKS. Me har hadde felles regionrådsmøte saman i april 2024, kor ein drøfta kva område me kunne ha styrka samarbeidet på.

I tillegg til at me deler bu- og arbeidsregion, så deler me ein av verdas vakraste fjordar; Hardangerfjorden! Den er svært viktig for reiselivet vårt. Hardangerfjorden ber preg av plastforureining over mange år, så i 2022 gjennomførte me saman med Hardangerrådet IKS og Framtidshavet, fyrste av fem «Rein Hardangerfjord»-aksjonar. Hardangerfjorden blei rydda frå innerst i fjorden og heilt ut til havgapet ved Bømlo. Fyrste året var Rosendal hovudsete for aksjonen, i 2023 var Norheimsund hovudsete for aksjonen og i 2024 var Leivik hovudsete for aksjonen. NORCE har og knytt eit forskningsteam til prosjektet, med

fokus på mikroplast.

I tillegg til gode resultat, har aksjonen skapt samhald og den er blitt eit viktig ledd for omdømmearbeidet i regionen vår. Aksjonen fekk stor merksemd både regionalt, nasjonalt og utanlands. Rein Hardangerfjord var ein vill ide, som blei mogeleg takka vera initiativtakarane i Framtidshavet og eit samarbeid på tvers av dei 13 kommunane som omkransa Hardangerfjorden.

Vestland fylkeskommune

Region Sunnhordland er opptekne av å synleggjera at Sunnhordland er eit kraftsenter i Vestland. Sunnhordland er den regionen i Vestland fylkeskommune med høgast eksport pr. innbyggjar. I den samanheng jobbar næringslivet og regionrådet aktivt for at Hordfast skal bli ein realitet. I 2024 opplevde Sunnhordland ikkje ei tydeleg fylkeskommunal stemme i favør Hordfast. Det ligg ei forventning frå Sunnhordlandsrådet at fylkeskommunen jobbar like godt som Rogland

fylkeskommune for at Hordfast skal bli ein realitet.

Vestland fylkeskommune må framstå samla ovanfor regjeringa i sine prioriteringar. Vestland risikera å miste eit av Noregs mest samfunnøkonomiske prosjekt, viss ein ikkje står samla i denne saka frametter.

Sunnhordlandsrådet deltek og i Klimaråd Vestland, samt at Region Sunnhordland driv Kompetanseforum Sunnhordland som rapportera til Kompetanseforum Vestland

Atheno AS

Atheno AS er den regionale aktøren for næringsutvikling i Sunnhordland. For å lukkast med Region Sunnhordland sine prosjekt som Bu i Sunnhordland, Kompetanseforum Sunnhordland, Visit Sunnhordland og Geopark Sunnhordland, er det svært nyttig å jobbe godt i grensesnittet mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling.

Me er samlokalisert med Atheno AS på Vabakkjen 6, Stord. Synergieffekten ved å sitte samlokalisert i det daglege virke er stor.

I 2024 forsøkte me å sette opp faste møtepunkt mellom administrasjonane, samt mellom Sunnhordlandsrådet og Industrinettverket. Det lukkast me ikkje med, men datoar for 2025 er allereie sett.

Bulyst

Bu i Sunnhordland, BiS, er eit langsiktig prosjekt der ein saman med kommunar og næringsliv har som mål å bygge ein attraktiv region.

Ein region med felles framtid, der føremålet er å tiltrekke seg og behalde arbeidskraft i regionen. Prosjektet har blant anna tatt utgangspunkt i to av dei fem identifiserte barrierane i rapport «Grøn region Sunnhordland», ein rapport utarbeidd av Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge.

1. Utfordrande å få tilgang på kvalifisert arbeidskraft.
2. Manglande samarbeid og oppleving av å vera ein region.

I fellesskap skal ein omstille regionen for å gjere dei naudsynte prioriteringane og tiltaka som skal til for å tiltrekke seg, behalde og utvikle arbeidskraft. Samtidig som ein rekrutterer og utviklar eksisterande utdanning slik at ein kan ta del i dei

nye grøne verdikjedene og bruk av ny teknologi. Ved å skape ei felles oppleving av å vera ein region vil ein kunne styrka gjennomføringsevne for omstillinga me står ovanfor.

Gjennom året har BiS halde fram arbeidet med utvikling og gjennomføring av ulike typar aktivitetar som til ei kvar tid er formålstenleg for å skapa dei beste resultata. Det langsiktige målet er over tid at unge knyter nettverk og at ein skapar engasjement for regionen blant unge. BiS har hatt samarbeidsmøte med Haugesund-regionen, Framtidsfylket Vestland, Nordfjordakademiet og ein har oppretthalde nettverket med Osloregionen sitt arbeidsområde National talent for international talent attraction and retention.



Foto: Bu i Sunnhordland



BiS har produsert innhald til og kommunisert via fleire digitale flater for å nå målgruppa, lagt tilrette og arrangert møteplassar for målgruppa, og delteke på ulike arrangement der unge er samla slik at desse kan danne nettverk og tilegne seg kunnskap.

Bis har også:

- arrangert Yrkesfagdag for 10. trinn i regionen. Arrangementet har som mål å auka interessa for yrkesfag. Sunnhordland har lærepassar, men treng fleire lærlingar. Prosjekt er støttå av Vestland Fylkeskommune.
- arrangert MINGEL – eit gratis-arrangement for unge i regionen som ynskjer å treffen andre unge også nyinnflytta, og næringslivet i regionen. Arrangementet har funne stad næraast månadleg.
- deltatt på Kvinnheradkonferansen der ein også hadde stand
- deltatt på karrieremessa Ta steget i Grieghallen, Bergen, Karrieredagene NTNU i Trondheim med stand og påfølgande Sunnhordlandsarrangement der ein formidla kunnskap om regionen samt Karrieredagen i Oslo.

- i samarbeid med lokalt næringsliv og offentleg sektor utarbeidd pilotprosjektet - Internship Sunnhordland. Eit attraktivt sommarjobb-konsept for studentar i Norge. Programmet tar utgangspunkt i tredelt botnlinje innan berekraft, og skal ha potensiale for å danne grunnlag for verdiskaping hjå deltakande bedrift/kommune - samtidig som det styrker omdømmet for Sunnhordland.

Det er gjennomført styringsgruppemøte, partnarmøte, og temabaserte medlemstreff. Tema har vore "Korleis bli synleg på utanbysarrangement", "Flyktningar i jobb", LinkedIn Workshop, Trainee Sunnhordland Workshop, og "Southwest Norway - internasjonal arbeidskraft". Ut frå innspeil frå samarbeidspartnerar og basert på erfaringar i prosjektet, er det laga eit forslag til årshjul for BiS 2025. Årshjulet beskriver aktivitetar i Bu i Sunnhordland, der hovudmålet er i fellesskap marknadsføra ein felles region.

Kompetanse

Privat næringsliv og offentleg sektor i Sunnhordland står no i ein situasjon kor ein har rikeleg med arbeidsplassar og lærlingplassar, men regionen manglar hender og hovud med rett kompetanse til å fylle desse arbeidsplassane, både på kort og lang sikt.

Sunnhordland har gjennom fleire tiår bygd opp ein industrikompetanse innan maritim verksemد og olje- og gass som vert etterspurt i prosjekt over heile verda. Industrinæringa sin kompetanse spelar no ei svært viktig rolle inn i det grøne skiftet. Dette fører til ei markant endring i kompetansestrukturen i industrien.

Vestland fylkeskommune har vedteke «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», der regionale team står for oppfølging av planen. Region Sunhordland er sekretariat for Kompetanseforum Sunnhordland, og rapporterer inn til Kompetanseforum Vestland.

Mandat for Kompetanseforum Sunnhordland

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Gje innspel på kompetansebehov til Kompetanseforum Vestland årleg
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettleiing
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt

For at alle næringar skal bli best mogeleg ivaretatt når me kartlegg kompetansebehovet i regionen vår, er det etablert ei arbeidsgruppe.

Arbeidsgruppa til Kompetanseforum Sunnhordland består av:

- Dei åtte næringsråda i Sunnhordland (Austevoll næringsråd, Bømlo næringsråd, Fikse næringsforening, Fitjar næringsråd, Kvinnherad næringsservice, Stord næringsråd, Sveio næringsråd og Tysnes næringsråd)
- Atheno
- Helse Fonna
- HVL
- Invest in Sunnhordland
- Karriere Vestland, avd. Sunnhordland
- NAV
- NITO Sunnhordland
- Region Sunnhordland
- Kompetanseforum Vestland

Sunnhordland har godt med lærlingplassar, men opplever å ikkje få tak i nok lærlingar. I 2024, som i 2023, søkte Sunnhordland Kompetanseforum i lag med opplæringskontor og kommunane i regionen, midlar hjå Vestland fylkeskommune, til å marknadsføre skular og yrker for å rekruttere fleire elevar/lærlingar. Ein fekk innvilga søknaden på kr. 350.000,-.

Midlane blei nytta i 2024 til å marknadsføre skulane og yrkene for å rekruttere fleire elevar/lærlingar. Målgruppa var 10. klasse og hensikta var å trygge elevane i eit meir kvalifisert val av utdanning. Samt auka tal elevar til yrkesfag. Arrangementa blei gjennomført hausten 2024 saman med opplæringskontora, næringsråda og kommunar.



Reiseliv

Hovudoppgåvane i reiselivsarbeidet i Sunnhordland er marknadsføring og kommunikasjon, produktutviklingsprosjekt og tett samarbeid med kommunar, bedrifter og andre aktørar.

I 2024 har Visit Sunnhordland gjennomført ei rekke aktivitetar for å styrke interessa for regionen både blant reisande og reiselivsnæringa.

Geopark Sunnhordland spelar ei sentral rolle i utviklinga av regionen som ei berekraftig reiselivsdestinasjon, og anerkjenninga som UNESCO Global Geopark er ein viktig milepåle for det vidare arbeidet.

Kommunikasjon og marknadsføring

B2C-arbeid

- Nettsida
Fjord Norge har hatt sterk vekst i organisk trafikk, som utgjer 60 % av øktene. Klikk frå Google-søk har auka med 84,6 %, visningar med 75 %, og gjennomsnittleg tid på sida frå Google-søk har gått opp 43,5 % til 1 min 31 sek. Totalt har nettsida 7,2 mill. sidevisningar (+100 %) og 2,1 mill. brukarar (+54 %). For Visit Sunnhordland har me og sett ei positiv utvikling, med om lag 160 000 visningar og rundt 100 000 unike brukarar. Dette viser auka synlegheit og interesse for regionen vår.

- Sunnhordland guide og kart
Det nye Sunnhordlandskartet for 2024/2025 blei trykt i 2024 på berekraftig ris-papir i eit opplag

på 30 000 eksemplar. Kartet er distribuert til heile regionen og turistinformasjonane i Bergen, Haugesund og Stavanger. Dette er ein viktig reiskap for dei reisande, og spesielt utanlandske besökande set framleis pris på fysiske kart for å orientere seg og planleggje reisa.

- Sosiale media
SoMe er ein viktig profileringsskanal for Visit Sunnhordland. Facebook hadde rekkevidde på 22K,1% samanlikna med 2023. Talet på samhandlingar Gjekk ned med 24% og lenkeklikk gjekk ned med 49,2%. Størst oppgang hadde organisk trafikk, der besøket gjekk opp med 62,5%.

På Instagram gjekk rekkevida opp med 57,1%. Samhandling og lenkeklikk har første samanlikningar frå 2023 til 2024. Samhandling gjekk

opp med 100% og lenkeklikk ein svak nedgang på 6,5%. Besøk på profilen gjekk opp med 25,9%.

Kjønnsfordelinga på kontoane er framleis ujamn og held seg på ca. 70% kvinner og 30% i begge media.

Det blei gjennomført 3 rundar med annonsering på Facebook, Messenger og Instagram i løpet av året som nådde eit samla publikum på ca. 20.000 visningar og 1150 lenkeklikk vidare til nettside. 51.000 brukarar vart eksponert for annonsane.

B2B-arbeid

Visit Sunnhordland deltok 7. mai på informasjonskveld i regi av Visit Bergen der me oppdaterte frontpersonell i overnatningsbedrifter, trafikkterminalar, attraksjonar, turistinformasjonar



etc. før sommarsesongstart med informasjon om kva turisten kan oppleve i Sunnhordland.

I juni arrangerte Visit Sunnhordland i samarbeid med Bu i Sunnhordland sommar kick-off på Stord for turistvertane i Sunnhordland. Føremålet med dagen var å gje turistvertane i heile regionen kunnskap om kva Sunnhordland har å by på som reisemål, slik at dei er godt førebudde til å ta imot turistar når sommaren kjem. Kvar kommune presenterte opplevingar i sin kommune, og reiselivsansvarleg hadde ein generell presentasjon som hadde fokus på "fyrtårn" og konkrete salbare opplevingar i Sunnhordland.

Etterpå fekk turistvertane vere med på MINGEL»-arrangementet til Bu i Sunnhordland og møte andre unge frå Sunnhordlandsregionen.



Me vart resertifisert som Berekraftig Reisemål etter eit grundig og godt samarbeid mellom Region Sunnhordland, kommunane og reiselivsnæringa frå våren til hausten 2024. Kontrollbesøket frå Innovasjon Norge fann stad i oktober 2024, og den offisielle resertifiseringa kom 4. november.

I mars 2024 deltok Visit Sunnhordland på samling for Berekraftig Reisemål i Bodø, arrangert av Innovasjon Norge. Me er og aktive deltagarar i bedriftsnettverket NDBR for destinasjonar som jobbar med berekraftsertifiseringa. Dette nettverket, som består av ca. 50 destinasjonar, er ei viktig ressursgruppe for kunnskapsdeling og vidare utvikling av arbeidet med berekraftig reiseliv i Sunnhordland.

I april deltok Visit Sunnhordland på Norwegian Travel Workshop (NTW) i Trondheim – den største nasjonale messa for både norske og internasjonale turoperatørar. Me hadde eigen stand og gjennomførte møter med relevante turoperatørar som me hadde gjort avtalar med i forkant av arrangementet. Etter messa har me følgt opp desse kontaktane med meir informasjon om regionen og reiselivsaktørane i Sunnhordland. Dette for å styrke interessa og legge til rette for framtidig samarbeid.

Visningsturar og presse er eit satsingsområde som er særskilt viktig for at Sunnhordland skal bli kjent som turistdestinasjon. Bestillingane på desse turane kjem oftast frå Fjord Norge og Innovasjon Norge, som har anbefalt vår region til

turoperatørar og presse. Hausten 2024 vart det gjennomført ein visningstur med fokus på å utvide sesongen, samt å fremje slow travel, mat og kultur i regionen. Turen vart arrangert i samarbeid med Fjord Norge, og involverte sentrale aktørar som Moster Amfi, Stord Hotell, Halsnøy Kloster, Folgefonsenteret, Geopark Sunnhordland, Rødne, Baroniet og Tide Buss.

Turoperatørane var positive til regionen og såg stor verdi i opplevingsprodukt knytt til kultur, natur og lokal matkultur. Samstundes vart det uttrykt utfordringar knytt til pakketing av tilboda, noko som peiker på behovet for vidare tilrettelegging og samarbeid for å styrke reiselivsproduktet i Sunnhordland

Visit Sunnhordland har jobba tett i lag med dei andre destinasjonsselskapa i dei tre fylka som utgjer Fjord Norge, både i regi av Fjord Norge, men og åleine eller saman med Vestland fylkeskommune. Det er gjennomført møte med jamne mellomrom både mellom destinasjonsjefane og dei marknadsansvarlege.

I 2024 blei me involvert i hovudprosjektet til Vestland Fylkeskommune rundt besøksforvalting. Her bidreg me aktivt med innsikt og tiltak for ei berekraftig utvikling av reiselivet i regionen. Arbeidet handlar om å finna gode løysingar for å balansera vekst i turisme med omsyn til lokalsamfunn, natur og miljø, og å sikre at besøksopplevelingane blir best mogleg for både gjestar og fastbuande.

Visit Sunnhordland ved Henriette Lien

Saman med Fjord Norge jobbar me tett opp mot redaksjonelle plattformer, presse og bransje-aktørar for å synleggjera regionen vår på ein heilskapleg og strategisk måte. Me samarbeider med reiselivsansvarlege for å utvikla målretta marknadsaktivitetar, styrka Sunnhordland si posisjonering i nasjonale og internasjonale marknader.

Talet på overnattingar låg i 2024 på 257 590. Totalt auka overnattingstalet med 8% frå 2023. Hotell utgjorde 121 642 og hadde ein liten nedgang på 4%. Camping utgjorde 135 778 overnattingar med ei auke på heile 22%. Land me merkar oss ei auke frå er Tyskland (4%), Danmark 2(%), USA (8%) og Storbritannia (22%). Auke på ferie- og fritidsmarknaden ligg på ca. 0,25%. Kurs & Konferanse går ned med 18,4% og yrkesovernatting ned med 5,4%. SSB kan ikkje lenger offentleggjere tall på kommunenivå.

I slutten av 2023/starten av 2024 fekk Visit Sunnhordland midlar til to viktige prosjekt.

Det første, "Sunnhordland heile året", har som mål å arbeide med sesongutviding for å skape meir heilårsaktivitet i reiselivet. Den første workshopen vart gjennomført under reiselivssamlinga 19. mars 2024, og hausten 2024 vart det halde fleire arbeidsmøter for vidare planlegging. Arbeidet vil halde fram i 2025.

Det andre prosjektet fokuserer på berekraftig kompetanseheving i Visit Sunnhordland. Gjennom dette har me utført kursing for å styrke fagkunnskapen i organisasjonen og teke i bruk nye digitale verktøy som bidreg til meir effektiv arbeidskvardag.

Geopark Sunnhordland

2024 var andre driftsår for Geopark Sunnhordland med UNESCO Global Geopark-status. Geoparken fekk i all hovudsak sine driftsinntekter frå sju av sunnhordlands åtte kommunar (ikke Sveio), samt Vestland fylkeskommune og Statsbudsjettet. Driftsutgiftene går i all hovudsak til løn, formidlingstiltak til skular, lag, foreiningar og verksemder, informasjons-materiell samt kontorleige og nettverksarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Det er halde 5 styremøte samt Generalforsamling, der Vegard Bjørnevik vart vald til leiar. I styret sit elles Birgit S. Esperø (Vlfk), Leif Tore Trædal (HVL), Una Kolle (leiar Folgefonna-senteret), Hilde Eide Helland (Visit Shld), emeritus John Inge Svendsen (UiB), og Liv Kari Eskeland. Vegard Enerstvedt er vara for Birgit S. Esperø.

Det 3-årige Erasmus-prosjektet er i godt gjenge med utarbeiding av læremiddel for skuleverket. Ca 900.000,- over tre år kjem selskapet til gode i dette prosjektet. Eit forprosjekt (NORA) saman med aktør på Island om eigna utsleppsfree framdriftsteknologi i UNESCO-område er ferdigstilt, og det er gjeve tilsegn på vidareføring av dette i større prosjekt hos NORA saman med aktørar på Island og Færøyane (2025). Dette prosjektet med Geopark Sunnhordland og vår geolog i leiarrolla vart presentert på Den Europeiske Geoparkkonferansen på Island i oktober. Det er og gjeve tilsegn frå FORREGION Vestland om utvikling av KI-guide for geologi, reiserute og kost/losji i Sunnhordland (tilpassa den som spør).



Alle selskapets 50 skilt er revidert med nye logoar og delvis justert tekst, og to nye skilt til samla kostnad på 130.000,- er sett opp i Tysnes, finansiert av Tysnes Kraftlag. Etter søknad frå Geoparken er det sett opp vegskilt til Gruvemuseet på Litlabø både i Sagvåg (Vlfk) og Lønning (SVv).

Organisering og drift av sommarguidinga i Stordø kisgruber vart godt gjennomført i dette andre året av den 3-årige kontrakten med Stord kommune. Tal på besökande var 8% høgare enn i 2023. Dette er eit spennande og innhaldsrikt tilbod for tilreisande og fastbuande på Stord i sommarsesongen. Venelaget for Gruo får billett-inntektene uavkorta (ca kr. 110.000,-).

Alt i alt har geoparkens aktivitetar hatt over 1600 besökande, inkl. foredrag for skular, verksemder, lag og organisasjonar, for studentar frå inn og utover land samt på våre seminar i Folgefonna-senteret og Moster 2024. Vår verdisamtale «Korleis verdisette natur» i Moster 2024-programmet trekte fulle benker med prof. Vigdis Vandvik (UiB), forskar Tom Heldal (NGU), forskingsdirektør Linda Nøstbakken (ssb), forfattar Andrew Kroglund og leiar for Norges institusjon for menneskerettigheitar i panelet. Geolog Anouk-Letizia Firle var moderator.

Geoparken har hatt lesarinnlegg i alle lokalavisene i Sunnhordland med oppfordring om å etablere fredingsområde for hummar, slik Fiskeridirektoratet rår til og Austevoll har gode erfaringar med. Bømlo kommune greier no ut sak om dette.

Ved utgangen av 2024 er det 15 partnarskap i geoparken, innan overnatting, aktivitetar og lokalmat. Partnarane er våre ambassadørar rundt om i regionen. I april vart det halde samling med alle partnarane i Moster Amfi, der òg fylkesordførar Jon Askeland, ordførar Morten Helland og klimaforskar og medlem i Den Norske UNESCO-kommisjonen Tore Furevik deltok.

Det opplevast at UNESCO-statusen skaper interesse for kva det er i Sunnhordland sin natur som er verdt eit av verdas mest kjende kvalitetsmerke, spesielt for skuleverk og organisasjonsliv, men også for reiselivet. Informasjon om dette vil alltid vera ei hovudoppgåve for selskapet. UNESCO-statusen gjev elles ein særslig god tyngde i våre søknader for prosjekt som kjem Sunnhordlandsregionen til gode. 3 år.

Infrastruktur

Arbeidet med å betra samferdsleløysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Sunnhordlandsrådet. God infrastruktur er ein avgjerande faktor for at regionen skal lukkast på kort og lang sikt, i arbeidet med å skaffe nok og rett kompetanse til næringslivet og regionen vår. Samferdsleprosjekt er eit langvarig arbeid, kor ein heile tida må vera proaktiv og ta dei aksjonane som er naudsynte. Me har i året som har gått vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor sektoren, og har arbeidd med å utvikla gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet. I 2024 blei det gjenomført møter med Hordalandsbenken, Samferdselsdepartementet og Vestland fylkeskommune. Prioriterte saker i møte var E39 Hordfast, E134, ferjeavløysingsordninga og kollektivtransport.

E39 Hordfast

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for Sunnhordlandsrådet. Det handlar om realisering og oppstart av E39 Hordfast i første fireårsperiode av NTP, samt å sikra finansiering av planlegging og oppstart av E39 frå Bokn til Ådland i NTP.

Hordfast er eit av dei mest samfunnsøkonomiske samferdselsprosjekta i landet, og vert anbefalt med topp prioritet av Statens Vegvesen. Eit samla næringsliv i regionen vår treng ferjefri E39 gjennom Hordfast meir enn nokon gong. Me har hatt aktiv dialog med Statens Vegvesen, Samferdsledepartementet, fylkes- og stortingspolitiske, og vore til stades på alle relevante arenaer der dette har vore eit tema.

Kommunikasjonsmessig har det vore viktig å få fram samfunnsnytta ved bygging av Hordfast, at ulike prosjekt i Vestland ikkje må setjast opp imot kvarandre, at Hordfasttraséen no er satt, at Hordfast vil føra til reduksjon i klimagassutslepp og energibruk, og at Sunnhordland har teknologi og kompetanse som må nyttast i utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.

E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren, og ei utbetring av denne vegen vil gi raskare, rimelegare og tryggare transport, i tillegg til at regulariteten aukar, og det vert mindre klimautslepp.






Foto: Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

For oss er det eit mål at E134 over Haukelifjell handsamast som eitt prosjekt, både i planarbeidet og økonomisk. I 2023 vedtok regjeringa å starte bygginga av tunnel mellom Røldal – Seljestad, og i 2024 blei Bakka-Moe blir tatt inn i NTP 2025-2036 lansert. Sunnhordlandsrådet kjem til å fortsette å jobba for at heile prosjektet Bakka-Solheim blir vedtatt.

Fylkesvegnettet og ferjesamband

Sunnhordlandsrådet jobbar for at ferjeprogrammet må tydeleggjerast i planprogrammet. Innan ferjeavløysing er ein realitet, er regionen avhengige av seinare avgangar. Dette vil gjøre det mogleg for innbyggjarane å nytta seg av kulturtilbod og anna i regionen. Me har og arbeida for å sikra midlar til rassikring av fylkesvegnettet, særleg for fylkesveg 48 i Kvinnherad og Etne.

Betring av logistikk

Då Region Sunnhordland arrangerte møte med alle ungdomsråda i Sunnhordland, var dei samde om at betre kollektivtransport og betre koordinering mellom buss, ferjer og snøggbåt er svært viktig for dei. Dei understrekte at det er ikkje behov for eit fritidstilbod på kvart eit nes, men dei har behov for å komme seg til og frå på eiga hand.

Dette er og ei viktig sak for reiselivsnæringa i Sunnhordland. Dei har vore ei tydeleg røyst i hove til å betre samferdsletilbodet i regionen. Mangel på ferjeavgangar gjer at næringa slit. Dette gjer at kulturprogram ikkje er tilgjengeleg for alle som ynskjer å delta. Reiselivet sitt potensial på snøggbåtruta mellom Bergen og Sunnhordland, og internt i regionen, er ikkje utnytta godt nok, noko som og er peika på i eit eige vedtak i fylkesutvalet. Dette jobbast det vidare med.

REGION SUNNHORDLAND

Tal og fakta

Arbeidet med å betra samferdsle-øysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Region Sunnhordland.

Finansinntekter/utgifter

Inntektene i 2024 er på kr. 5 764 762,- inkludert netto finanspostar. Kostnadane i 2024 er på kr. 5 575 599,-.

Dette gjev eit overskot på kr. 189 163,-. Beløpa er eks. prosjektilskot, overførte prosjektilskot og prosjektkostnader.

Eigendelane er på kr. 3 704 121,-

Av dette er opptjent eigenkapital på kr. 1 966 439,-. Der kr. 1 409 752,- er knytt til Region Sunnhordland og kr. 556 687,- er knytt til Visit Sunnhordland.



Foto: Haakon Nordvik

Administrasjon



Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar (100%)



Nina Matre
Prosjektleiar (100%)



Anne Almås Tranøy
Økonomi- og berekraftsansvarleg (100%)



Hilde Eide Helland
Reiselivsansvarleg (100%)



Brynjar Stautland
Dagleg leiar (100%)



Anne Synnøve Lønne
Marknads- og kommunikasjons-ansvarleg (80%)



Anouk-Letizia Firle
Geolog (100%)

Geopark Sunnhordland AS Datterselskap



Brynjar Stautland
Dagleg leiar (100%)



Anouk-Letizia Firle
Geolog (100%)

Arbeidsmiljø

Det er eit godt arbeidsmiljø i administrasjonen og mellom styre og administrasjon.

Ytre miljø

Verksemda påverkar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er 5 kvinner i administrasjonen. I styret har det i 2024 vore 2 kvinner og 3 menn.

Lokalitetar

Administrasjonen i Region Sunnhordland leiger kontorlokale på Vabakkjen 6, Stord.

Styresamsetnad 2024

Torstein Fjeldet Lunde, styreleiar
Kjartan Eidsvåg, nestleiar
Therese Njåstad, medlem
Kari Aakre, medlem
Kåre Martin Kleppe, medlem
Svein Dale Soleng, varamedlem
Mari Pedersen Totland, varamedlem
Siri Rusten, varamedlem


Region Sunnhordland

Sunnhordlandsrådet består av ordførarar og kommunedirektørar i Sunnhordland. Ordførar og kommunedirkktör i Haugesund og Vindafjord kommunar er observatørar.

Styre




Torstein Fjeldet Lunde
Styreleiar
Medlem



Kari Aakre
Medlem



Kjartan Eidsvåg
Nestleiar
Medlem



Kåre Martin Kleppe
Medlem



Terese Njåstad
Medlem

Tankar om framtida

Verda står midt i eit innovasjonskappløp der Kina og USA har teke leiinga, medan EU og Noreg slit med å halda følgje. Dette har store konsekvensar for framtida vår, særleg for Vestland fylke og regionen Sunnhordland, som er Noregs eksportregion nummer ein. Skal me kunne hevda oss i ein stadig meir teknologidriven verdsøkonomi, er det heilt avgjerande at me aukar fokuset på innovasjon og gründerskap.

Årsmeldinga for Sunnhordland teiknar eit bilet av ein region med utfordringar både når det gjeld å tiltrekkja seg folk med rett kompetanse og å halda oppe eit høgt innovasjonstempo. For å lukkast må me byggje eit økosystem som stimulerer til nyskaping og entreprenørskap. Dette krev at offentleg sektor, privat næringsliv og frivilligheita dreg i same retning og samarbeider tettare enn nokon gong før.

Eit anna viktig aspekt er utdanning. Tradisjonelt har Sunnhordland hatt eit sterkt fokus på yrkesfag, noko som er viktig for industrien. Men for å auka innovasjonstakta, må me og ha eit sterkare fokus på studiespesialiserande fag og høgare utdanning innan teknologi, økonomi og leiing.

Me treng fleire ingeniørar, teknologar og innovatørar som kan driva regionen framover. Dette betyr at skulane våre må samarbeide tettare med lokalt næringsliv og akademia for å tilby utdanninger som er relevante for framtida. Me må og stimulere fleire til å söke seg mot helse- og omsorgsfaga, gjerne med eit ekstra fokus på gutter/menn, då dei er sterkt underrepresentert i regionen vår. Dette er også ein sektor kor det hastar å tenkje nytt rundt både organisering og velferdsteknologi. Noreg har allereie ein manko på arbeidskraft, og me må forbygge og sikre at alle i arbeidsfør alder kjem seg i jobb, at ingen fell i varig utanforskaps.

Samstundes må me tenkje større enn Sunnhordland. Skal Vestlandet kunna utfordre

Osloregionen som eit attraktivt alternativ for kompetanse og nyetableringar, må me sjå heile regionen frå Bergen til Stavanger under eitt. Betre infrastruktur, auka tilgang på kraft og effektive transportløysingar er viktige brikker for å kople saman kompetansemiljøa og styrkja innovasjonstempoet. Betre infrastruktur vil også komme kommunane til gode med tanke på deira største tenesteleveransar: oppvekstsektoren og helse- og omsorgssektoren.

Innovasjon og gründerskap er ikkje berre viktig for økonomisk vekst; det handlar også om å skapa attraktive lokalsamfunn der ungdom ser ei framtid. Me må byggje ein kultur for nyskaping allereie frå skulealder og gjera det attraktivt for unge å starta eigne verksemder. Dette krev både kapital, nettverk og kompetanse.



No handlar det om å få fart på innovasjonstoget før me vert ståande att på perrongen. Dette krev visjonar, samspel og ei storstilt satsing på både utdanning, infrastruktur og grøn teknologi. Den store bekymringa er om denne type satsing ikkje blir prioritert i ei framtid prega av stor global uro.

Vil satsing på unge, grøn omstilling og gründerskap drukne i opprustinga av Noreg sitt forsvar?



T: 412 17 024

E: post@regionsunnhordland.no

Postadresse:
Region Sunnhordland
Postboks 444
5403 Stord

Besøksadresse:
Vabakkjen 6, Stord

Web: regionsunnhordland.no